

# HYRDINGEN

NR. 3

JUNI 2016

ÅRGANG 58

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



*Tripp Trapp samling i vårsol.  
Meir inne i bladet om  
trusopplæringsarbeidet side 6 og 12*

## Sideoversikt:

Prosten har ordet .....	2	Alpha. Kva er det? .....	6	Borna og brubyggjaren .....	12
Redaksjonspennen .....	3	Brandøy jubilerer 50 år .....	7	Frå kyrkjeboka .....	13
Vår song .....	3	Konfirmantane .....	8-9	Gudstenestene .....	14
Ut i Kenya .....	4	Konfirmantleir på Eintveit .....	10	Møter og kungjeringar .....	15
Portrettet .....	5	Les Bibelen på 90 timer .....	11	Påfyll .....	16
Dåpsklubben Tripp Trapp .....	6	Nye funn .....	11		



## Prosten har ordet

Av prost Rune Steensnæs Engedal



## Redaksjons-PENNEN



# VÅR SONG

Omtale ved Jens Tveit

"Min song" er ein tittel som har vorte nytta mange gonger i «Hyrdingen» - når nokon har tatt fram ein song dei er glad i.

«Vår song» peikar på at det er meir enn ein person som er involvert, og denne gongen gjeld det tvillingsøstrene Reidun Toadalen Sæbø og Sonja Toadalen Sælevik som har vore meistrar for ein song dei har skrive sjølv. Sonja fortel at det er søstera, Reidun, som er diktaren i familien når det skal lagst noko til fødselsdagar, konfirmasjoner m.m.

- Men etter kvart finn me ut at det bur ein diktat i Sonja og.

Denne songen «Kom til meg» har dei skrive i lag. Sonja fortel at ho var svært begeistra for melodien til «Tirna Noir». Begge søstrene fekk inspirasjon til å skriva nokre vers på



denne melodien, og resultatet vart denne songen.

Innhaldet i songen er varmt og har vore til trøyst og oppmuntring for mange. Songen har vore nytta ein del på bedehuset på Innbjoa, og elles framført som solosong ein del stader. (Den har til og med vore sungen i Israel!)

Songen har ein bodskap, og forfatarane ivrar for å få den ut til andre!

## Kom til meg

Mel.: Tir na noir. Tekst: Reidun Toadalen Sæbø og Sonja Toadalen Sælevik

Jesus eg vil jubla av glede til deg,  
Fordi du har opna til Himlen ein veg.  
Då du dø på korset, då du stod opp igjen.  
Jesus du er min beste venn.

Han er lys, Han er liv, Han er glede og fred.  
Kom til meg, det er ordet frå Jesus til deg.  
Du som strevar kom; kom, eg vil gi deg min fred.  
Kom til meg, det er ordet til deg.

Når eg kjenner meg liten og redd der eg står,  
Er det trygt å veta, du ved sida mi går.  
Du har lova at du er med kvar ein dag.  
Tenk kor godt – ha Jesus på lag.

Jesus fyll du meg heilt med glede frå deg.  
Jesus fyll du meg heilt, nå i dag, æveleg.  
Alle mine synder, dei har du tatt på deg.  
Takk for freden det gir til meg.

Kjære Jesus må du i hjarta mitt bu,  
Så for alltid eg kan på ordet ditt tru.  
Å få vera ditt vitne for liten og stor,  
Din audmjuke tjenar på jord.

Han er lys, Han er liv, Han er glede og fred.  
Kom til meg, det er ordet frå Jesus til deg.  
Du som strevar; kom, eg vil gi deg min fred.  
Kom til meg, det er ordet til deg.



## Kva er eigentlig bøn?

**Hugsar du eventyret om Kong Midas, han som ønska seg eit liv i luksus? Han bad han om at alt han tok i, skulle bli til gull. Då ønsket hans blei oppfylt, blei livet hans øydelagt. Hadde han visst at menneska han var glad i mista livet då dei blei til gull, ville han kanskje bedt ei anna bøn...**

så kjærlighet Tilgivelse hvor det er urett - Enighet hvor det er tvil Håp hvor det er fortvilelse Lys hvor det er mørke - Glede hvor det er sorg

Handling og bøn skal gå hand i hand. Frå Mor Teresas arbeidsfellesskap i slummen i Calcutta har vi fått denne bøna:

*Herre, når jeg er sulten, gi meg noen som trenger mat. Når jeg er først, send meg noen som trenger vann. Når jeg er såret, gi meg noen å trøste. Når mitt kors er tungt å bære, gi meg en annens kors å dele. Når jeg er fattig, led meg til noen som er i nød. Når jeg ikke har tid, skjenk meg noen som jeg et øyeblikk kan hjelpe. Når jeg trenger andres omsorg, send meg noen å ta vare på. Vend mine tanker til andre, når jeg bare tenker på meg selv. Amen.*

Jesus underviste disiplane om kva bøn handlar om. Bøna han lærte disiplane sine, er ord vi har med oss hele livet. Når ein ny dag gryr, eller før visovnar om kvelden.

*Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat vilen din ráda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgje våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.*

*Herre -gjør meg til et redskap for din fred. Der hvor hatet er, la meg*

Mandag er prestane sin fridag.

### Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

#### Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

#### Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019

Prostiprest Eldbjørg Andreassen:  
Mobil: 952 46 234

#### Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

#### Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:  
Kari Synnøve Velde Haugen

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

## Utesamling med KRIK på Likvik i Skjold



Kristen Idrettskontakt (KRIK) har eit aktivt arbeid i Skjold



Kristian Valen (til venstre, bak), 23 år og frå Vikebygd, har vore på utveksling til studentlagsbevegelsen i Kenya, og driv med studentmisjon i byen Kisii i vest i Kenya.

## Ut i Kenya

Av Kristian Valen

**Den 1. oktober 2015 reiste eg ut i den store verda for å lære andre land å kjenne. Mållandet mitt var Kenya, der eg skulle drive ”kulturutveksling” og misjon.**

Eg har no budd i Kenya i 6 månader, og har storkost meg. Eg har arbeida i slummen i Nairobi, som lærer på ein kristen grunnskule der. 50% av befolkninga i Nairobi bur i slum, sjølv om slummen bare dekker 5% av arealet i byen. Det er fleire millionar menneske til saman, som bur i små blikkskur utan straum og vatn. I slike områder er det viktig med gode skular, for å gje barna ein sjanse til å forlate slummen når dei blir eldre. På skulen der eg arbeida var det kanskje rundt 100 barn, med 15 stk i kvar klasse, til motsetning til dei oftentlege skulane, som har opptil 100 stk i ein klasse!



I tillegg arbeida eg med ”lagsarbeid” på eit stort universitet i Kenya. På kvart universitet i Kenya er det ei Kyrkje, drevet av skulelaget, med bibelgrupper og søndagsgudstenester og anna arbeid. Her samlast dei kristne studentane for å prise herren

og spreie han på universiteta. Desse gruppene er veldig store til forskjell frå skulelaga i Noreg. På universitetet eg arbeida var det opptil 1500 studentar innom søndagsgudstenesta kvar veke! Her dreiv eg med misjon og disipelgjøring på universitetet. På studentlaget i Kenya har dei stort fokus på å vere aktive heile kristne, og fokusere innover mot seg sjølv og sitt eige trusliv, men og peke utover på universitet, byen, landet og verden dei bur i. Dei veit dei er satt på universitetet av ein grunn, slik at dei kan spreie Jesus til sitt Jerusalem, Samaria og heilt til verdas ende.

Eg ser tilbake på 6 månader der eg meir enn å lære noko vekk til Kenyanarar nok har lært endå meir frå dei, og blitt meir open for andre kulturar. Og veks til å sjå at sjølv om gudsteneste kanskje er annleis så samlast me alle i trua på akkurat den same gud.



Bjørg og Arne Borgemyr

## Eit aktivt par har flyttet

Av Øivind Jørnsson

**Bjørg og Arne Borgemyr har flyttet til Moster på Bømlo. I Vindafjord har dei vore aktive i arbeidsliv, politikk og friviljug arbeid.**

Dialektane røper at ingen av dei er frå dette området opprinneleg. Arne er frå Tveit i Vest Agder, ein kommune som no er slått saman med Kristiansand. Der budde han på ein heiegard til han var sju år i 1952. Då flyttet familien til ein annan gard i same kommune. Arne har ein bror og ei søster.

Arne utdanna seg innan økonomiske fag. Han tok handelsskole og økonomisk gymnas. Etter det bar det til bibelskole på Fjellhaug, og det var der han kom i kontakt med Lundeneset. Der arbeidde han så i eitt år før han i 1968 begynte på siviløkonomistudiet ved Norges Handelshøyskole i Bergen.

Vi ser gjerne Arne for oss bak rattet i ein personbil eller ein buss. Der likar han seg. Han fortel at i sommarferiane i studietida køyrdet han kombinertrute mellom Kristiansand og heimstaden Svaland. Bilen hadde plass til 12 passasjerar, og så var

det gods og mjølkespann som skulle løftast mellom lasterom og mjølkeramper.

Bjørg er frå Bergen. Der var ho med i Frelsesarmeens gjekk på Tanks gymnas og lærarskolen i heimbyen og var ferdig utdanna lærar i 1967. Då var ho 21 år gammal. Etter det var ho lærar i tre år på Skimmeland skule på Moster.

Bjørg fortel at ho var på leir på Lundeneset i påska 1968 og kom då i kontakt med NLM. Det var første året Arne arbeidde på Lundeneset.

Skoleåret 1970/71 studerte Bjørg ved Norsk Lærarakademi. I 1973/74 var ho barnearbeidar for NLM. Sommaren 1974 gifta ho seg med Arne, og dei busette seg på Lundeneset.

Dei som kjenner noko til Arne Borgemyr, set han vel særleg i samband med Lundeneset. Og der hadde han si lengste arbeidsøkt, heile 26 år. Dei ellevte siste åra, frå 1987 til 1998, var han rektor. I resten av det yrkesaktive livet sitt, fram til 2011, arbeidde han i skolesektoren i kommunen. Då hadde dei og bygd seg hus i Vågshagen i Ølensvåg og flytta frå Lundeneset. Men kontakten

med skolen har heile tida vore tett. Arne har mellom anna halde andaktar ved ulike tilstellingar, og han var med i redaksjonskomiteen for boka om Lundeneset no til 50-års jubileet.

På ein internatskole er ofte familiene til dei tilsette engasjerte, og Bjørg er ikkje noko unntak. Ho var og tilsett ved skolen eit par år. Etter at Arne sluttet som rektor, sat ho i skolens styre i ni år. Mange unge hugsar Bjørg frå Vågen skule der ho var tilsett frå 1987.

Fleire styre og råd har nytt godt av ekteparet Borgemyrs arbeid og innsikt. Dei har begge vore med i kommunestyre og skolestyre, og Arne var også ei tid sekretær i forliksrådet. Dei har gjort ein innsats i sokneråd og bedehus. Vi har mykje å takka dei for.

Her i Hyrdingen har Arne Borgemyr vore med i redaksjonen i ni år. No er han sluttet på grunn av flyttinga til ein annan kommune. Takk også for denne innsatsen.

Kvifor flytte? Det er for å komme nærrare familien. -Vi finn oss nok til rette her også med åndeleg heim i kyrkja og i Salem er deira kommentar.

# Medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp

Av: Marta Bjørnøy Lalim  
Kommunikasjonsrådgiver, IKO  
[www.tripptrapp-klubben.no](http://www.tripptrapp-klubben.no)

## Faddergåve

Som fadder lovar ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve.

Å vere fadder for eit barn er ei oppgåve som ikkje vert avslutta når dåpshandlinga er over, for mange betyr det livsvarige band. Som fadder lovar ein å bidra til at barnet skal lære om den kristne trua. Eit medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp kan vere eit godt alternativ som faddergåve. Det meiner Anne Line Tufstrand Kroken, prest i St. Jacob kyrkjelyd i Bergen. Ho er fadder til Peder (1 år), og då han vart døypt våren 2015 var medlemskap i Tripp Trapp-klubben gåva frå henne.

## Lettar relasjonsbygginga

Dåpsklubben bidreg positivt i faderrolla ved at den gir informasjon og opplæring om den kristne trua gjennom Peders barne- og ungdomstid. Det er lettare å drive trusopplæring viss ein har materiale og informasjon å vise til. Det gjer det også lettare å

bygge relasjon mellom meg og han fordi vi har bøker vi kan lese i lag, fortel Anne Line. Dåpsklubben sender ut 3 pakkar i året med bøker og anna materiell. Kroken fortel vidare:

-- Dåpsklubben gjer det lettare å utføre det oppdraget som eg har lova å gjere. IKO har mange fine måtar å synleggjere bodskapen på og gjennom materialet i Dåpsklubben blir det meir levande. Hadde eg berre hatt Bibelen å vise til, ville det ha vore vanskelegare. Viktig med kunnskap om religion. Dåpsklubben Tripp Trapp gir ut materiell som fortel om ulike deler av samfunnet. Eitt døme er den kritikaroste boka: "Akim løper". Boka handlar om barn på flukt og er veldig samfunnsaktuelt i den flyktningssituasjonen vi står i no.

-- Det er viktig for eit barn å få vite noko om det samfunnet og den religionen ein er ein del av. Det å få kunnskap om den kristne trua gir kunnskap om religion, og når ein er kjend med omgrep knytt til eins eiga tru er det lettare å vere i dialog med andre religionar, seier Kroken.

## Iko kvalitetssikrar gåva

I IKO-Forlaget er det fleire som jobbar med utveljing av bøkene og materialet barna mottar gjennom



Dåpsklubben, og nettopp dette trekker Kroken fram som ein av dei viktigaste grunnane til at ho valde eit medlemskap for sitt fadderbarn:

-- Eg slepp å ta jobben med å kvalitetssikre gåva fordi eg veit at IKO gjer ein grundig jobb og har ein god teologi, derfor er eg trygg når eg hjelper foreldra med trusopplæringa for Peder, fortel Kroken.



## Alpha – Kva er det?

Planleggingsmøte for Alphasamlingane i Skjold kyrkje.

**Alpha er ein serie med tankevek-kjande, interaktive samlingar som bidreg til at deltakarane kan opp-daga kva kristen tru handlar om. Ei gruppe planlegg oppstart av ALP-HA samlingar for Skjold og Vike-bygd annakvar veke frå hausten av.**

## Kven er det for?

Alpha er for alle som er nysgjerrige. Undervisninga ønskjer å oppmuntre til å snakke i saman og utforske det grunnleggjande i kristen tru. Det er venleg, ope og uformelt. Ingen spørsmål er upassande og du har mulighet

til å delta i samtalен så mykje eller så lite som du sjølv ønskjer.

## Korleis er programmet?

Alpha består av 10 samlingar og dessutan ein weekend-tur/laurdag. Kvar samling inneholder måltid, undervisning og ein gruppessamtale der du kan seie kva du meiner. Når som helst, dersom du meiner at Alpha ikkje passar for deg, kan du avslutta. Der er ikkje noko press eller oppfølging. Det blir 100 kroner i kursavgift + at weekenden kostar noko. Me spleisar på utgifter til «kveldsmaten».

Vil du vite meir så ta kontakt med:  
Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Kleivavegen 2-4, 5574 Skjold. Tlf 9324 5645  
Kjersti Hausberg Bjerga, Klova Bergerget 5, 5568 Vikebygd. Tlf 9383 3150



Av: Jens Tveit

Måndag til torsdag siste veka i april var det vår-treff for «Oss over 60» på Brandøy.

Det er Det Norske Misjonsselskapet og Indremisjonssamskipnaden som legg opp til desse treffna i lag.

Ein fin flokk fylte alle romma på leirplassen, og me fekk oppleva herlege dagar. Det var misjonstimar ved Solveig Jekteberg som gav både alvor-

lege og humoristiske glimt frå tida då ho var i Kamerun. - Og Anne Marie Reimers fortalte levande frå Madagaskar. I mange år har ho vore misjonær der, og sjølv om ho har passert 80 år, kom ho nett heim frå tur til «Solskinsøya». Ho kunne fortelja om glededelege ting, og om stor fattigdom som folket der ute slit med nå.

Det var bibeltimar og andaktar ved Halvard Sveen, Inger Johanne og Jens Stangeland og Jens Tveit. Og

på alle samlingane var der mykje song og musikk. På avslutningsmøtet var det og forbøn for dei som ynskte det- Jette Marie og Bjarne Steinsund hadde eit rikt repertoar av gode songar dei gledde oss med.

Tysdag kveld var det ope møte der mange folk frå bygdene rundt gjesta oss, og KM-karane frå Etne spreidde glede med kraftige mannsrøyster som hadde eit rikt repertoar med gode songar.

## Brandøy er 50 år

Av: Jens Tveit

**Helga 20. – 21. august vert det stor stas på Brandøy. Det er då 50 år sidan denne vakre plassen vart vigsla til leirstad for Indremisjonssamskipnaden.**

Eigedommen som vart gitt som gave frå Amanda Brandøen, har vorte bygd ut i fleire omgangar. Internatet har 85 sengeplassar, og i tillegg er det 3 hytter med 4 soveplassar i kvar.

I tillegg til alle leirane Indremisjonssamskipnaden har, er det mange kyrkjelydar som har konfirmant-weekendar der. Andre organisasjoner eller bedehuskirksar arrangerer



Anbjørg Våge, Daria Hotowinska og Andreas Våge



eigne opplegg, og indremisjonen har eigne kvinne-weekendar og treff for eldre m.m.

Mykje arbeid er lagt ned for aktivitetar av mange slag. Der er m.a. banar for fotball, handball, volleyball m.m.- og så er der stor klatrevegg. Ved sandkassen er det og kome ei flott leikehytte. – Det er og tilrettelagt for båtar, og der er flott badepllass. For få år sidan vart det og bygt hall for ballspel og andre aktivitetar.

Anbjørg og Andreas Våge deler stilling som dagleg leiar m.m. God mat syter klok Daria Hotowinska for.

Programmet for jubileet står på side 15 i Hyrdingen, og me ser fram til dagar der mange tek turen for å vera med.

# Konfirmantar 2016

**Ølen**

Fotograf Nordveit

1. rekke frå venstre: Sofie Vinjerui Berge, Emma Heggebø, Sara Knutsen, Tuva Hundhammer, Ragnhild Aarekol, Amalie Fedorova Riis, Hanna Berge, Nora Berge, Guro Berge, May-Linn Berge, Frida Hundhammer, Alida Håland, Celina Grønstad, Madeleine Matre Hagen, Victoria Eikesdal. 2. rekke: Martine Nærland Slåttelid, Benjamin Landro, Daniel Opheim, Bjarte Lønning Haaland, Daniel Nidoy Brekke, Tobias Grindheim Johansen, Ole Jørgen Madsen, Gustav Stople, Tor André Hardeland Berge, Ola Ur Haugen, Joakim Hole, Jonas Tvedt Andersen. 3. rekke: Andreas Sorteberg Vik, Daniel Nesse Kvinnnesland, Matias Berge, Sondre Åsheim, Knut Eskeland Langhelle, Jakub Kamil Bryczkowski, Joachim Østerås Lothe, Johannes Bastlien

**Imsland**

Fotograf Nordveit

Framme frå venstre: Sokneprest Harald Eintveit, Sofia Hustveit, Nina Rønnevik og Merete Imsland Birkeland. Bak frå venstre: Emil Haugland Rønnevik, Eivind Langeland og Oskar Marvik.

**Bjøa**

Foto: Rolf Øyjord

**Vats**

Fotograf Nordveit

Framme frå venstre: Berit Karoline Arnesen Økland, Bente Kristin Eikanes, Lena Espeset Littlehamar, Andrea Eike, Hanna Gundersen. Bak frå venstre: Martin Hognaland, Lars Audun Fatland, Jonatan Sandane Utbjo, Jarle Krakk, Joakim Røysland Døvik, Jon Ådnøy.

**Vikedal**

Fotograf Nordveit

Fremste rekke frå venstre: Sokneprest Harald Eintveit, Nikolai Andreassen, Sander Sævereid Espenvoll, Andrea Opsal, Malene Austrheim, Sara Haugan Helland, Tomine Hundseid Dahlberg og Vegard Grimås. Bak frå venstre: Kristian Andreassen, Simon Aarekol, Reidar Austrheim, Oskar Helgesen, Jørgen Våg Skjold og Sondre Lygre Grimaas.

**Skjold**

Fotograf Nordveit

Framme frå venstre: Emma Tjelmeland Hustoft, Tonje Krakk, Hedda Haraldseid, Vilde Evjen Kallevik, Brynhild Wannberg, Silje Veronika Alendal, Kaja Tangen, Jon Ådnøy. Bak frå venstre: Harald Fosen Grunnaleite, Daniel Knutsen, Andreas Frøyland, Truls Eiken, Jørgen Markhus, Tor Martin Stople, Thomas Hustvedt, Kristian Nesheim Bakke, Tobias Haugen Moe, Viljar Ohm Børretzen, Håkon Eiken.

**Vikebygd**

Fotograf Nordveit

Framme frå venstre: Tonje Hausberg Bjerga, Victoria Veastad, Marita Berntsen Trovåg, Helene Olsen. Bak frå venstre: Jon Ådnøy, Robert Gausvik, Petter Legøy Årvik, Benjamin Larsen Jordan, Birge Nagel-Alne, Joakim Koltveit, Johannes Helgesen, Tobias Storesund Sætre, Marius Rødde.

**Sandeid**

Fotograf Nordveit

Framme frå venstre: Mathilde Gryte, Frida Louise Søndenå, Helene Ørnnes, Alette Mattingsdal, Ida Hårde, Nina Stople, Kristin Hustoft Skeie og sokneprest Harald Eintveit. Bak frå venstre: Erlend Matre, Ådne Kambe, Sondre Hamre Helgevold, Anbjørn Eilertsen Stople, Tore Skaar Toresen og Håkon Bakkedal.

# Eintveit: Konfirmantleir og gudsteneste

Av Steinar Skartland

**Helga 1.-3. april tok sokneprest Harald Eintveit med seg dei 30 konfirmantane frå Imsland, Vike-dal og Sandeid til leir på Eintveit i Åkrafjorden. Her nyttar dei innkvartering på 3 gardar på Bjelland og Eintveit.**

I tillegg til konfirmantopplegg med førebuing av gudstenesta søndag, vart det eit variert og spennande program. Innslag både av "Natur og kultur" ved Nina Margrete Kaltwasser, kåseri med fotograf Jan Rabben og sauebonde Geir Arne Eikemo om både naturopplevingar og med livet som innsats i villmarka. Dei som var tidleg oppe på laurdags morgenon fekk med seg garnfiske på fjorden. Om kvelden var det festkveld med underhaldning av konfirmandar, prest og lokale aktørar.

Til gudstenesta på låven på søndagen var foreldre og andre interesserte inviterte over fjorden med skyssbåt, og ein del vaksne var det som blei med båten som gjorde to turar. Mellom desse var trekkspelvirtuosen Jon Arne Markus og mandolinspelaren Andreas Rosså med musikk til salmesongen. Om det vart seint på laurdagskvelden så stilte alle konfirmantane opp både til frukost og deltaking i gudsteneste der dei hadde ulike oppgåver, m.a. med bøner og tenning av ljos. Etterpå vart det stelt i stand kyrkjekaffi for konfirmandar og gjester inne låven.



Låvegudsteneste på Eintveit.



Konfirmandar og tilreisande gjester.

Konfirmantane ga uttrykk for at dette hadde vore ei kjekk helg og dei ber nok med seg minner herfrå vidare i livet.

## CREDO på Bjoa

Av: Sonja Toadalen Sælevik

Credo er eit arrangement for 5. - 10. klasse på Bjoa. Det er Credo ca. ein gong i månaden i gymsalen på Bjoa skule. Det er 10-15 born/ungdommar innom kvar gong. Dei som er med som leiarar dette året er Einar Bakke, Sondre Sørås Gemberg, Benjamin Lyngholm, Celina Lyngholm og Frode Bødtker. Elin Gjerde hjelper til på kjøkkenet.



# Skal lesa heile Bibelen på 90 timer



Av: Jon Ådnøy

**Konfirmandar og utlendingar, speidrar og unge vaksne, pensjonistar og folk flest, frå Vikebygd, Vats og Skjold – frå 8. til 13. november skal dei lesa høgt heile Bibelen, frå side 1 til side 1429. I helga må dei ta nettene til hjelp, for å komma i hamn.**

- Andre plasser har dei klart å lesa Bibelen på 80 timer. Me vil ikkje hasta på for mykje. Ikkje alle er spesialistar på å lesa fort. Og ein lyttar betre om det ikkje går over stokk og stein, seier sokneprest Jon Ådnøy, som er med i komiteen for «Bibelmaraton».

Komiteen har mange planar for kva som kan skje parallelt med og innimellom lesinga. Kafé, bibel-quiz, songkveld med verk som har tekst frå Bibelen, og ein kveld der ulike menneske seier kva bibelvers som er spesielt for dei, og nokre av idéane.

- Ei utstilling av barnebiblar i alle fasongar – det trur me kan bli kjekt. Me vil og leita i kott og på loft etter dei gamle bibel-plansjane som dei hadde i skulen før i tida. Og me vil prøva å få stilt ut så mange forskjellige bibelutgåver som råd, både på norsk og på andre språk, fortel Brit Nelly Nes Tveit i komiteen.

Det er sokneråda i Vats, Vikebygd og Skjold som er blitt samde om Bibelmaraton.

- Fordi Bibelselskapet, som har hatt ansvaret for omsetjing, trykking og sal av biblar, er 200 år i år. Bibelen har vore viktig både for det norske språket, og for heile kulturen vår. Og er framleis viktig, seier Grete Skeie Sørhus, leiaren i Vats sokneråd.

Leiaren i Vikebygd og Skjold sokneråd, Kari Synnøve Velde Haugen, strekar under at Bibelen er ein samlande faktor.

- I alle kyrkjesamfunn er Bibelen sentral. Også mange av dei som bur i bygdene våre som kjem frå andre land, har Bibelen som ein del av bagasjen sin. Me ønskjer at Bibelmaraton skal gjera synleg eit stort og mangfaldig fellesskap, seier ho.

Soknepresten håpar mange kan tenkja seg å vera med å lesa. Eit par «store namn» håpar han å få på lesarlista. Men først og fremst skal vanlege menneske står for lesinga. For å understreka at Bibelen er alle sin. Ein timeplan med oversikt over kven som skal lesa kva, og kva tid det skal skje, skal fyllast tidleg på hausten.

- Det blir nok ei utfordring å finna dei som orkar å lesa på nettene i helga. Eg håpar spreke ungdommar stiller opp – unge av år, eller unge til sinns, avsluttar Jon Ådnøy.

# Nye funn stadfestar opplysingar i Bibelen



Anne-Margrete Saugstad

Av: Torbjørn Gipsland, KPK

I ei ny bok kalla: «Bibelen for hovud og hjarte» skriv tidlegare høgskulelærar Anne-Margrete Saugstad om Bibelen sine tekstar, deira bakgrunn, profetiar og oppfylling, samt arkeologiske funn.

Det har nokså sikkert vore forska meir på Israel-folket og landet dei har butt i så vel som boka som fortel om denne, Bibelen, enn noko anna folk og land.

I boka kalla «Bibelen for hovud og hjarte» frå Luther Forlag skriv Saugstad at arkeologi ikkje dreiar seg om å prove eller motprove bibelforteljingane slik dei står:

– Men historikarane og arkeologane kan lære oss å tenkje på ein annan og for nokre ny måte når det gjeld Israel-folket si historie. Alt som blir forståeleg ut frå tida som forteljingane er plassert inn i, styrker slik vi har sett autentisitetten. Dette kan vi bruke apologetisk og vise at det er noko ganske anna å halde seg til Bibelen enn til andre religionar, skriv Saugstad.

Ho understrekar at fordi Bibelen sine forteljingar passar inn i Midtøsten si historie og geografi, er det faktisk det «aller viktigaste kriteriet på historisitet».



## Brubyggjaren Ei skildring frå trusopplæringsarbeidet

Av Lillian Eikeland

Då eg begynte som trusopplærar / medarbeidar for nokre år attende, hadde eg ein draum, eit håp, ei bøn til Gud om at vi måtte klare å gi vidare Guds kjærlighet til mennesket. Tenk viss eg kunne få lov til å vera med å peika på Jesus, gleda og friheten det gir når ein får vera Jesu ven? Tenk viss trusopplæringer gjennom reform og plan, kunne få bli ein menighetsutviklar?

Det er måndag kveld, i Vikedal kyrkje. Vi prøver eit nytt tiltak, som aldri har vore prøvd i Vindafjord. Tema er brubygging! Derfor er og Sandeid, Imsland og Vikedal samla! Brubyggjaren over alle brubyggjarar, Jesus, bygde det viktigaste for oss! Han bygde brua som gjenoppredda veggen mellom Gud og menneske med sitt frelsarkors. Han bygde bru, då han reiste til himmelen på Kristi Himmelfartsdag, for å laga eit rom til oss, slik at vi kan komma til han! Til slutt så bygde han brua då han sende Den heilage ande til oss. Då var



Det er måndag kveld, og viss du hadde tatt turen til Vikedal kyrkje? Hadde du først mått å balansert deg gjennom ein haug med Lego og lego-byggjande born.. Du ville sett nokre foreldre i rolig prat, og nokre born som i den eine sidegongen legg siste hand på verket i dagens «formingsprosjekt». Kanskje hadde du undra deg over drageflyginga?! Det er ei rolig summing. Hadde du kome på eit anna tidspunkt? Ja, då hadde du sett alle desse undrande barneaugegene då vi i dagens bibelskatt høyrdt om den gongen Jesus vart løfta rett opp i skyene. Trur du vi klarer å få opp dragen, når Gud klarte å løfta opp Jesus?

han nærmere sine enn nokon gong, i pinsa.

Tre måndagar, tre høgtider på våren, med barn som til hausten skal erfara bruva frå barnehage til skulen. Skulestart. Det summar av liv i kyrkja. Framme drøser nokre vaksne over ein kopp kaffi. Ved sidebenken er det nokre barn som legg siste hand på verket i kveldens formingsaktivitet. Det er måndags kveld. Du vert møtt av ein haug med lego rett innforbi kyrkjedøra. Lukt av bollar, eller kanskje nytrekte pølser? I midtgangen gjer eit barn eit forsøk på å få dragen til å sveva opp i taket! Tenk, Gud klarte å løfta Jesus rett opp! Takk til dykk alle som let det bli mulig for ein «trusopplærar» å få erfara liv og glede; undrande og strålannde barneauge; spørjande, søkerande og trygge barn i kyrkja!

Til neste år, blir dette eit tilbod for alle seksåringar! Kanskje er det då din tur til å vera med å skapa kyrkja sin påske/pinse fest, som barn eller som voksen! Gled deg til liv og strålannde, undrande barneauge!

Velkommen til Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

Vi er en del av NLMvgs

**Knaphus BIL**  
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knaphus Dekk & Bilverksted**  
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**SpareBank SR-BANK**

**joker**  
Vikebygd Landhandel AS  
Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

**GRAVSTEIN**

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

**Skattkjaer Skiferindustri as**  
Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

**BLOMAR TIL GRAVFERD**

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

**Ølen Blomster**  
Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](#)

**Primærtjenesten Bjoa AS**  
Rep. av jordbruksredskap og mek. verksted  
TLF. 53 76 97 61  
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

**STELL AV GRAVPLASSER!**  
Kontakt Miriam:  
93 21 66 79 / 52 75 88 60

**FRÅ KYRKJEBOKA**

<b>IMSLAND</b> <b>Døpte:</b> 27/03/ Mathea Holten Leifsen 10/04/ Serina Imsland	<b>SKJOLD</b> <b>Døde:</b> 25/03/ Olav Berthel Kvamme f. 1929 27/03/ Sverre Flæte f. 1920	<b>ØLEN</b> <b>Døde:</b> 02/03/ Valgjerd Justine Klungland f. 1922 13/03/ Ragnhild Vaka f. 1928 16/04/ Øystein Monstad f. 1937
<b>VIKEDAL</b> <b>Døde:</b> 06/03/ Aslaug Susanna Selland f. 1922 25/03/ Lilly Kristine Sandvik f. 1928 <b>Døpte:</b> 06/03/ Sverre Holten Leifsen 20/04/ Sara Haugan Helland <b>Vigde:</b> 14/05/ Venke Jonassen og Rikard Særstein	<b>Døpte:</b> 28/02/ Adele Lauvaas-Ørevik 28/02/ Sofia Nådland 10/04/ Isak Apeland Johannessen 15/05/ Sigve Vårvik Gullhaug	<b>Døpte:</b> 28/02/ Gustav Lien 27/03/ Jakob Våge Gjerde 27/03/ Elias Samland 17/04/ Elisa Svantesvold 15/05/ William Westre Gusdal 15/05/ Kevin Hornenes 15/05/ Engla Nilsen Riber
<b>SANDEID</b> <b>Døde:</b> 22/02/ Liv Oddny Larsen f. 1968 10/03/ Magne Vestbø f. 1952 <b>Døpte:</b> 27/03/ Liva Mary Hallingstad	<b>VATS</b> <b>Døpte:</b> 20/03/ Johanna Stokland 17/04/ Dorthea Nybøe 17/04/ Elisa Svantesvold	<b>BJOA</b> <b>Døpte:</b> 13/03/ Rebekka Askeland Krunenes 13/03/ Benjamin Askeland Krunenes 27/03/ Karianna Naterstad Våge
<b>VIKEBYGD</b> <b>Vigde:</b> 14/05/ Line Merete Owe og Sindre Skogland Bjerga		

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl. Kyrkje	Info
<b>05. juni</b> 3.s.i treeiningstida Mark 10, 13-16	11.00 Imsland 11.00 Vats 17.00 Bjoa	Høgmesse. Takkoffer til diakoniarb. Nattverd Friluft Refsnes. Dåp. Takkoffer til Global K/M Nattverd.Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.
<b>12. juni</b> 4.s.i treeiningstida Matt 9, 35-38	16.00 Vikedal 11.00 Ølen 11.00 Skjold	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer trusopplæringa. nattverd. Takkoffer: Indremisjonssamskipnaden Friluft Likvik. Takkoffer til Acta (b&u i Normisjon)
<b>19. juni</b> 5.s.i treeiningstida Matt 18, 12-18	16.00 Sandeid 17.00 Vats 11.00 Ølen 11.00 Vikebygd	Høgmesse. Nattverd. Dåp. Takkoffer til trusopplæringa i Vindafjord Nattverd. Takkoffer til Livets tre. Dåp og nattverd Takkoffer:NKSS Friluftsgudsteneste. Takkoffer til Sjømannskyrkja.
<b>26. juni</b> 6.s.i treeiningstida Apg. 9, 1-19	11.00 Imsland 11.00 Skjold	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Blå Kors. Nattverd. Takkoffer
<b>3. juli</b> 7.s.i treeiningstida Mark 5, 25-34	11.00 Ølen	Nattverd. Takkoffer. Bibelskulen Bildøy
<b>10. juli</b> 8.s.i treeiningstida Mark 12, 28-34	10.00 Bjoa 12.00 Vats	Nattverd.Takkoffer : Evangeliesentrene Nattverd. Takkoffer
<b>17. juli</b> 9.s.i treeiningstida Luk 6, 36-42	12.00 Vikedal muséum 10.00 Skjold	Rootsgudsteneste . Takkoffer til Redd Barna. Nattverd. Takkoffer.
<b>24. juli</b> 10.s.i treeiningstida Ef 4, 29-32	12.00 Sandeid 10.00 Vikebygd	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Menighetsfakultetet. Nattverd. Takkoffer.
<b>31. juli</b> 11.s.i treeiningstida Joh 8, 31-36	12.00 Imsland 10.00 Ølen	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Maritastiftelsen. Takkoffer . Sjømannskyrkja
<b>7. aug.</b> 12.s.i treeiningstida Joh 4, 27-30.39-43	10.00 Vats 12.00 Vikedal	Nattverd. Takkoffer Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
<b>14. aug.</b> 13.s.i treeiningstida Joh 15, 13-17	11.00 Skjold 11.00 Sandeid	Nattverd. Takkoffer Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Norsk Gideon
<b>21. aug.</b> 14.s.i treeiningstida Matt 19, 27-30	11.00 Vats 11.00 Imsland Ølen	Konf. presentasjon. Takkoffer Fam.gudsteneste. Konf. presentasjon. Takkoffer. Vi støttar opp om 50-årsjubileet for Brandøy ungdomssenter.
<b>28. aug.</b> 15.s.i treeiningstida Joh 15, 9-12	11.00 Vikedal 11.00 Skjold 17.00 Vikebygd	Fam.gudsteneste. Konf.presentasjon. Takkoffer. Konf.presentasjon. Takkoffer Konf.presentasjon. Takkoffer
<b>04. sept.</b> 16.s.i treeiningstida Matt 11, 16-19	16.00 Sandeid 11.00 Ølen 16.00 Bjoa 11.00 Vats	Fam.gudsteneste. Konf.presentasjon. Takkoffer til konf.arbeidet. Konfirmantpresentasjon.Takkoffer Familiegudst.. Konf.presentasjon. Barnebibel 4.åringar.Takkoffer Nattverd. Takkoffer

**"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast"** (Hebr. 10,25)



# MØTER OG KUNNGJERINGAR

## Brandøydag og jubileumsmarkering

### Laurdag 20. august:

- Festmiddag kl 14.00. Påmelding til middagen frå 1. juni til 53 41 07 04. Marit A. Røen leier, Liv Rolfsnes. Pris: 200,- for vaksne og 100 kr for born.
- Konsert med Harness kl 18.00. Linn Borgny Andresen Røen og Benjamin Andresen Røen deltek. Pris: 200,- for vaksne og 100 kr for born.

### Sundag 21. august:

- Festmøte kl 11.00. Festtale ved Ingebrig S. Sørfonn. Song av Linn Borgny Andresen Røen og Benjamin Andresen Røen.
- Matsalg mellom møte og familieshow. Lapskaus, pøller, kaffi og kake.
- Familieshow kl 14.30 med Tore Thomassen. (Gratis innangang.) Vinnarar av Brandøylotteriet vert offentleggjort.

Sjå artikkel side 7

## Vågen bedehus

1.6.	onsdag	19:30	Bønnemøte
8.6.	onsdag	19:30	Bønnemøte
11.6.	lørdag	20:00	Loftet
15.6.	onsdag	19:30	Bønnemøte
19.6.	søndag	19:30	Søndagsmøte
17.8.	onsdag	19:30	Bønnemøte
21.8.	søndag	11:00	Søndagsskule
24.8.	onsdag	19:30	Bønnemøte
26.8.	fredag	19:30	Møte
27.8.	lørdag	18:00	Generasjonssamling
28.8.	søndag	11:00	Søndagsmøte
31.8.	onsdag	19:30	Bønnemøte

## Bedehusa i Vats

24.8.	onsdag	19:30	Øvre Vats: Muslommisjon
31.8.	onsdag	19:30	Blikrabyga: NMS
7.9.	onsdag	19:30	Kårhus: Normisjon
16.9.	fredag		bedehusbasar for Kårhus bedehus

## Kyrkjeturnet, Ølen

17.6.	Fredag	19:30	Bonne- og Lovsangskveld. Fellesskap på tvers.
-------	--------	-------	---

## Innbjoa bedehus

10.6.	Fredag	17:30	Credo 5.-9. klasse på Bjoa skule
23.6.	Torsdag		St.Hans-feiring på Brandøy

## Vikebygd bedehus

9.6.	Torsdag	19:30	Møte. Jon Magnus Høyvik kjem frå NLM og LVS.
------	---------	-------	--

# Påfyll



Fra venstre: Ingrid Tveit, Margunn Lygre Strømme og Hanne Kathrine Sørhus.

Av: Margunn Lygre

Torsdag 28. april vart samlinga "Påfyll" arrangert på Øvre Vats bedhus for fyrste gong. Nærare 50 møtte opp, og saman fekk dei oppleva å få påfyll for trua. Denne fyrste "Påfyll"-kvelden kom Kristian Landro frå Sauda og hadde solid forkynning om å ha Gud med seg i kvardagen.

Som initiativtakarar for møtet bar me på eit ynskje og ein draum om å laga til ein møtestad der folk på tvers av bygdene i kommunen kunne samlast for å bli betre kjende med Gud og læra meir om korleis leva som Hans disiplar i kvardagen. Og nettopp dette fekk me oppleva fyrste gongen. Her kom folk i ulike aldrar frå ulike stader. Me fekk mange attendemeldingar på at dette var noko som var viktig og godt å vera med på.

Me håpar på å få til fleire slike samlingar framover! Kanskje 2-3 gonger i halvåret? Me ynskjer at "Påfyll" kan vera ein stad der me kan møta Gud saman, be saman og lovsynga Han. Me ynskjer å skapa ein møteplass

med godt fellesskap, der me kan få påfyll og bli utrusta til å møta kvardagen som kristne utanføre bedehusveggane.

Tanken er at "Påfyll" skal vera noko me står saman om, så difor er det kjekt om alle som ynskjer kan bli med å forma samlingane, samt bidra med det dei ynskjer! Her er mange oppgåver å ta av, så om du tenkjer at dette er noko du kunne tenkt deg å vore med på, så ta gjerne kontakt med ein av dei underteikna for å melda di interesse. Om du kunne tenkt deg å vore med å hjelpt til

som forsongar, musikar, forbedar, møteleiar, ansvar for prosjektor, ansvar for lyd, ha opning/vitnesbyrd, velkomstkomité, baking, setja klar stolar/rydda vekk stolar før og etter samlinga, eller andre oppgåver, så hyl ut!

Me vil til slutt presisera at det er VELDIG lov å vera med på "Påfyll" utan å føla på at ein må bidra med noko!

Hanne Kathrine Sørhus (922 98 676), Ingrid Tveit (416 88 502) og Margunn Lygre Strømme (930 83 446).

